



DET KONGELEGE  
JUSTIS- OG BEREDSKAPSDEPARTEMENT

Kulturdepartementet  
Postboks 8030 Dep  
0030 OSLO

Dykkar ref.  
11/673

Vår ref.  
12/8491 - NNO

Dato  
18.01.2013

**Høyring – endringar i lov om avleveringsplikt for allment tilgjengelige dokument**

Vi viser til brev frå Kulturdepartementet av 10. desember 2012 med vedlegg.

Justis- og beredskapsdepartementet har følgjande merknader:

I utkastet til ny § 4a er det i overskrifta og i fyrste og sjette ledd brukt omgrepa «hausting»/«haustast» og «innhausting» om innsamling av norsk materiale frå Internett. Tilsvarande omgrep er dessutan brukt i høyringsnotatet om slik innsamling, men nokre stader er dette omtala som «innsamling». Etter vår vurdering bør ikkje omgrepa «høsting/hausting» brukast i denne samanhengen. «Innsamling», «samle inn» eller tilsvarande vanlege omgrep bør i staden brukast.

Vi tilrår elles at framlegget til § 4a blir delt i to paragrafar. Innsamling av allment tilgjengeleg norsk materiale på Internett er eit eige emne som skil seg ut frå paragrafutkastet elles, og utkasta til fyrste og sjette ledd eignar seg såleis best i ein eigen paragraf. Føresegnene om handsaming og vern av sensitive personopplysningar

gjeld både avlevert og innsamla materiale, og desse reglane bør òg skiljast ut i ein eigen paragraf.

Med helsing



Harald Aass  
fagdirektør



Nina Helene Norby  
førstekonsulent